

## Saksprotokoll i valnemnda - 08.06.2021

**Jenny Følling (Sp)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er styremedlem i Sunnfjord Utvikling AS. Valnemnda vedtok samrøystes at Følling var inhabil etter forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Følling trådte frå ved behandlinga av vedtakspunkt 1 i saka.

**Arve Helle (A)** sette på vegner av A, Sp, MDG, V, Krf og SV fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1:

Fylkestinget innvilgar Gunhild Berge Stang sin søknad om fritak frå verv i folkevalde organ på følgjande vilkår: Fritaket gjeld frå 1. juli 2021 og ut valperioden.»

**Alfred Bjørlo (V)** sette fram slikt forslag:

2. Som ny medlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Alfred Bjørlo
3. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Tom Hiis Bergh
4. Som ny varamedlem til valnemnda vert vald: Geir Kjell Andersland
5. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald: Alfred Bjørlo

### Avrøysting

Det var 14 medlemmer til stades ved røysting til Helle sitt forslag punkt 1. Ved røysting til Bjørlo sitt forslag punkt 2-5 var organet fulltallig.

Helle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bjørlo sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget innvilgar Gunhild Berge Stang sin søknad om fritak frå verv i folkevalde organ på følgjande vilkår: Fritaket gjeld frå 1. juli 2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Alfred Bjørlo
3. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Tom Hiis Bergh
4. Som ny varamedlem til valnemnda vert vald: Geir Kjell Andersland
5. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald: Alfred Bjørlo